

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 10.5.2023 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Anne Kjersti Frøyen, Arild Ø Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Geir Wiknes, Liv Margit Sørbøen

Forfall: Ingen

Opning v/Einar: Kantate (Signe Seim)

Saksnr.	Ansvar
31/23	Godkjenning av innkalling og protokoll
Ingen merknadar til innkalling eller saksliste. Merknad til protokoll frå førre møte: Det var ikkje tre, men to som vart døypt på Sangefjell skjærtorsdag.	
32/23	Tid og stad for førehandsrøysting
Førehandsrøysting på kyrkjekontoret i tida 10. aug - 8. sept i kontortida tysdag til fredag 09.00 - 14.00. I tillegg 31. aug 15.00 - 20.00. Etter gudstenesta ein sundag i kvar kyrkje. Torpo 27.aug, Leveld og Ål 3.sept. I Ålingen laurdag 2.sept. I Ål helsesenter ein dag samtidig med kommunen. På kyrkjekontoret blir det høve til å røyste både digitalt og på papir. Den digitale røystinga blir avslutta 6.sept. På dei andre røystestadane kan det berre røystast på papir. Denne førehandsrøystinga er felles for heile fellesrådsområdet.	
33/23	Ambulerande røystegjeving
Valstyret vil legge til rette for ambulerande røystegjeving. Veljarar som fordi dei er sjuke eller utføre ikkje kan kom dit det er førehandsrøysting, kan søkja valstyret om å få røyste på staden der dei oppheld seg. Slik søknad (skriftleg eller munnleg) må vera komen til kyrkjekontoret innan 6.sept.	
34/23	Røystemottakarar
På kyrkjekontoret blir følgjande godkjent som røystemottakarar: Trond Augunset, Elin Etterlid Tveito, Guro Stave, Geir Wiknes, Sveinung Hansen, Målfrid Bergaplass, Elisabeth Husøy, Håkon Tveito, Tom Vidar Myrestølen, Ole-Johnny Kleveland Lomme. Medlemmene i valstyret og røystestyra er også røystemottakarar. Leiaren i valstyret får fullmakt til å peike ut fleire røystemottakarar ved behov.	
35/23	Tid og stad for røysting på valdagen
Ål kulturhus sundag 10.sept kl 15-19 og måndag 11.sept kl 10-20 Leveldtun måndag 11.sept kl 10-20 Torpo skule måndag 11.sept kl 10-20	
36/23	Røysting i heile fellesrådsområdet
Veljarane kan røyste i heile fellesrådsområdet. Røyster frå veljarar frå eit anna sokn, skal handsamast på same måte som førehandsrøyster.	
37/23	Røystestyre
Leveld: Else Karin Veslegard (leiar), Torfinn Slåtto, Liv A Solberg Torpo: Wenche Smestad, Birger Bolstad (leiar), Olav Moen Ål: Liv Margit Sørbøen, Arild Ø Hansen, Einar Brattegard (leiar), Tor Sletten På valdagane må det til ein kvar tid vere minst ein frå røystestyret til stades. I augstmøtet må røystestyrene ha liste over mannskap på valdagen. Desse skal då utpeikast som røystemottakarar.	

38/23	Prøving av førehandsrøystene Førehandsrøystingane skal godkjennast og kryssast av i manntalet. Einar, Wenche Smestad og Torfinn møter på kyrkjekontoret laurdag 9.sep kl 14.	
39/23	Ordning for hovudgudstenesta Soknerådet gjorde i 2021 vedtak om ordning for hovudgudstenesta, og fekk denne godkjent av biskopen. I denne ordninga er det veldig lite rom for variasjon. Vedteken ordning skal framleis vera normalordninga, men soknerådet ser at det bør vera større rom for å fråvike dette ved behov. Dette kan vere avhengig av preget på gudstenesta og tida i kyrkjeåret. Prest/liturg får difor høve til å velje til dømes samlingsbøner, syndsvedkjenning o.l. utanom vedteken ordning.	
40/23	Avskjed med Audun som kantor Siste arbeidsdag for Audun er 25.juni. Gudstenestene 25.juni og 2.juli blir endra slik at det blir i Ål kyrkje 25.juni og i Leveld kyrkje 2.juli. Det blir avskjed med Audun i gudstenesta 25.juni. Mange i soknerådet er bortreist den dagen. Me kan spørje kantoriet og/eller B-karadn om det er nokon derfrå som vil bidra. Else Karin, Wenche S, Liv Margit, Einar og Geir utgjer ei planleggingsgruppe frå soknerådet.	
41/23	Frivillige i gudstenesta Det er fleire frivillige som har slutta det siste året, og det er eit stort behov for rekruttering. Soknerådet har eit ansvar for å finne personar som kan stille opp som kyrkjevert eller tekstlesar. Me set ned ei arbeidsgruppe for å drøfte korleis me skal arbeide med dette. Liv Margit, Arild og Geir utgjer denne arbeidsgruppa.	Alle
42/23	Meldingar Under kantoriet sin konsert i Ål kyrkje vart det gitt ei gåve til misjonsprosjektet.	
43/23	Eventuelt Soknerådet har fått ein søknad om å støtte prosjektet «GO FOR IT» i regi av Ål Normisjon som vil sete fokus på misjonærane som er sendt ut frå Hallingdal sidan 1888. Soknerådet vedtek å støtte med kr 2.500,- etter ein fordeling på 25, 25 og 50% på dei tre sokna.	Guro
	Neste møte: 14.juni kl 17:00	
	Referent: Torfinn Slåtto	